



NVE  
Noregs vassdrags-  
og energidirektorat

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

**Vår dato:** 12.09.2025  
**Vår ref.:** 202513712-2 Oppgi ved kontakt  
**Dykkar ref.:** 2022/1143-71

**Sakshandsamar:** Toralf Otnes,  
22959527, toot@nve.no

## **NVE sitt innspel - Varsel om planoppstart - Detaljregulering for Årsnes Industriområde - Gnr. 81 bnr. 211 m. fl. - PlanID 20210005 - Kvinnherad kommune**

Vi viser til brev datert 20.06.2025. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med Årsnes Industriområde. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utvikling av industriområdet på Årsnes.

### **Om NVE**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

### **NVE sin uttale**

#### Generelt om handtering av naturfare i planar

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Klårast går dette fram i [KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#) side 12 der det heiter: «*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens §4-3 vil da ikke være oppfylt.*»

Å avklare reell naturfare er å skilje mellom areal som stettar byggteknisk forskrift (TEK17) kap. 7 sine akseptkriterier for planlagd utbygging, og dei areal der akseptkriteria ikkje er stetta. Førstnemnde areal er å sjå på som friskmelde. Sistnemnde er å sjå på som fareområde, og skal på reguleringsplannivå alltid syne i plankartet som omsynssone Fareområde.



### Fagkyndige må kartlegge skredfare

Planområdet ligg innanfor aktsemdområde for skred i bratt terreng for fleire skredtypar. (steinsprang, jord- og flaumskred, og snøskred, jf. [NVE Atlas](#). De må difor få avklart reell skredfare i området, for aktuelle tryggleiksklassar, jf. TEK17 § 7-3. NVE rår til at skredfarevurderinga vert gjennomført i samsvar med vår nettbaserte [Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng](#).

Ev. fareområde må de innarbeide i planen, dvs. syne som omsynssone H310 Ras- og skredfare. Til omsynssonene må de knyte føresegnar som sikrar akseptabel tryggleik før utbygging kan finne stad. Dersom det er trong for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at de tek det aktuelle området inn i planen.

Generelt rår NVE frå å bygge ut område som treng sikring for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik. Ein pådreg seg eit ettersyns- og vedlikehaldsbehov over lang tid der kostnader og ansvar kan være utfordrande å plassere og følgje opp.

### De må avklare flaum- og erosjonsfare

Planområdet rører ved aktsemdområde for flaumfare frå tre elver/bekker, og ei elv renn gjennom planområdet og ut i sjøen. Det betyr i første omgang av de må avklare om flaumfaren er reell. NVE rår til at prosedyrane i NVE rettleiar [3/2022 Sikkerhet mot flom](#) vert følgde.

Fareområde, dvs. areal som ikkje stettar krava til tryggleik i [TEK17 § 7-2](#), må de innarbeide i plankartet som omsynssone H320 Flaumfare. Føresegnene må sikre tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad. De må og dokumentere at eventuelle tiltak i flaumsona ikkje fører til konsekvensar i strid med [TEK17 § 7-1](#), 2. ledd.

### Ta omsyn til vassdrag

NVE rår dykk til å unngå inngrep i vassdrag som renn i og gjennom planområdet. Dersom slike inngrep ikkje er råd å unngå må NVE vurdere tiltaka etter vassressurslova i samband med planhandsaminga. For å få til ei koordinert handsaming er det viktig at planen gir ei god skildring av inngrepa og at de har vurdert konsekvensane for allmenne interesser i vassdraget. Som døme på ålmenne interesser kan vi nemne fiskens frie gong, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

### Planen bør legge til rette for kantvegetasjon

I vrl §11 er det krav om at det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. NVE oppmodar om at de legg til rette for eit vegetasjonsbelte i samsvar med intensjonen i vrl §11.



## Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

## Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

## NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset  
Seksjonssjef

Toralf Otnes  
Senioringeniør

*Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.*

## Mottakarar:

KVINNHERAD KOMMUNE

## Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND